



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

«Er det ingen som spør?»

Tre mødrer med kulturell minoritetsbakgrunn sine tankar om samarbeid med barnehagen.

«Is there no one asking?»

Three mothers with cultural minority background, and their thoughts on partnership with kindergarten staff.

Kandidatnummer 281

BLUBACH 2018/19

Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Barnehagelærerutdanninga

Veileder Eva Mila Lindhardt

Innleveringsdato: 31.05.2019

Antall ord: 9748

Jeg bekrefter at arbeidet er selvstendig utarbeidet, og at referanser/kildehenvisninger til alle kilder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

Forord

Til deg som så ofte kraup opp i fanget mitt og strauk meg over håret. Vi var veldig ulike eg og du, men vi ville berre leike.

Til deg som hadde to små born i barnehage, som hadde arbeid og ikkje noko nettverk, som sa at etter alt anna var tatt vare på, så var det i tillegg forventa at du skulle integrere deg.

Til Eva, som eg har vore så heldig å verte kjent med.

Til Trude, som har bidrege med hjelp og tilrettelegging.

Til informantane, dykkar bidrag er verdifullt og dykkar ulike røynder tel.

Abstract

This bachelor thesis is called «Is there no one asking?» Three mothers with cultural minority background, and their thoughts on partnership with kindergarten staff. The thesis sets out to challenge a problem oriented discourse within early childhood education. This discourse tends to not recognise or showcase parents as defining resources in their childrens life, unless the circumstances are less fortunate. I can not recognise myself in this discourse, and feel the need to both place myself and this thesis in a different light. As staff in a norwegian kindergaten, you are by law and regulations comitted to a different point of view. This thesis discusses thoughts that has been given to me through a group-conversation I had with three mothers, that all have in common that they come from minority cultural background. Do we, in particular, ask these parents what they think about the groundwork for structure concerning their partnership with their childs kindergarten? Do they experience trust in their relationship with staff? What attitude do the staff showcase to parents when they meet? And do staff recognise these parents each an individual reality as valid, and something that can be put to use in childrens everyday life? This thesis presents thoughts, not solutions, as every parent have different needs and wishes for their cooperation with their childs kindergarten.

Innhald

Forord.....	1
Abstract	2
1.Bakgrunn for val av problemområde.....	5
1.1 Problemstilling	6
1.2 Oppbygging av oppgåva.....	6
2. Teoretisk bakgrunn for oppgåva.....	7
2.1 Samarbeid.....	7
2.2 Å vere ressursorientert.....	7
2.3 «Kunsten å vere interessert over tid»	7
2.4 Kulturomgrepet	8
2.4.1 Eit essensialistisk kulturomgrep	8
2.4.2 «Kulturer kommuniserer ikke, det er mennesker som kommuniserer».....	9
2.4.3 «A work -in -progress concept of culture»	10
2.5 Teoretiske omgrep som bakgrunn for empiri og drøfting	10
2.5.1 Struktur.....	11
2.5.2 Tillit.....	11
2.5.3 Haldningar	12
2.5.4 Anerkjennning	13
3. Metode for datainnsamling.....	14
3.1 Å fange tankar men ikkje løysingar.....	14
3.2 Kvalitative studiar som vitskapeleg metode.....	15
3.3 Korleis justere vitskapeleg metode til å passe prosjektet	15
3.4 Å finne informantar	16
3.5 Sjølve gruppesamtalen	16
3.6 Eit kritisk blikk på gjennomføring av datainnsamlinga.....	17
3.7 Konteksten rundt samtalen	18
3.8 Godkjenning av prosjektet.....	19
4. Empiri.....	19
4.1 Strukturelle tilhøve for samarbeidet barnehage - heim	19
4.2 Tillit.....	20
4.3 Haldningar	21
4.4 Anerkjennning	21

5. Drøfting	22
5.1 Strukturelle tilhøve for samarbeidet barnehage – heim.....	22
5.2 Tillit.....	24
5.3 Haldningar.....	25
5.4 Anerkjenning.....	25
6. Konklusjon og avslutning.....	26
Litteratur:.....	29
Vedlegg	30
Vedlegg 1	30
Vedlegg 2	35

1. Bakgrunn for val av problemområde

I bakhovudet har eg lenge hatt ei murring som ikkje heilt har sloppe taket. Kvifor kjenner eg meg ikkje igjen i beskrivingar av samarbeid med foreldre med minoritetsbakgrunn, der dette gjerne vert beskrive som «meirarbeid» eller «krevjande». Eg opplever det generelle foreldresamarbeidet i barnehagen som livgivande, mangfaldig, spanande og heilt naudsynt for å gjere ein god jobb. For kvar gong ei barnegruppe endrar seg, der nye born kjem til, synest eg dette er noko av det mest spanande, akkurat dette *nye*, som eg ynskjer skal prege kvardagen vår, og dette gjeldt også borna sine foreldre.

Tidlegare i studieløpet mitt har eg undersøkt ulike problemstillingar som omhandlar foreldresamarbeid med foreldre/føresette med minoritetsbakgrunn. Her har eg hatt fokus på dei tilsette i barnehagane og deira tankar om samarbeid med desse foreldra. Denne gongen ville eg forsøke å få foreldra sine eigne tankar om samarbeidet.

Sentrale styringsdokument legg sterke føringar for samarbeidet med foreldra, og Rammeplan for barnehagen sei dette:

Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldra. Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerrådet og samarbeidsutvalet. På individnivå skal barnehagen leggje til rette for at foreldra og barnehagen med jamne mellomrom kan utveksle observasjonar og vurderingar knytte til helsa, trivselen, erfaringane, utviklinga og læringa til det enkelte barnet. Barnehagen skal grunngi vurderingane sine overfor foreldra og ta omsyn til kva foreldra meiner. Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Både foreldra og personalet må ta inn over seg at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som det er barnehagen si oppgåve å forvalte. (Utdanningsdirektoratet 2017, s. 29)

Glaser (2013, s. 11) seier at foreldra er barnehagen sin viktigaste ressurs i arbeidet med å skape eit inkluderande miljø i barnehagen. Vidare trekker ho fram at arbeid med tilsettgruppa sine haldningar til alle foreldre vil utgjere sjølve grunnlaget for alt samarbeid. Vert foreldra

møtt av likeverdighet, dreg ein foreldra aktivt inn i verksemda, handlar samarbeidet om rein informasjonsutveksling? Er desse møta prega av ei ressursorientering?

Korleis er stoda for dei foreldra som har minoritetsbakgrunn? Kva tenkjer dei om dette samarbeidet? Derfor har denne oppgåva fått tittelen: «Er det ingen som spør?» For gjer vi det, spør vi desse foreldra?

1.1 Problemstilling

For å forsøke å få tak i nokre tankar utifrå foreldra sitt eige perspektiv, nyttar eg denne problemstillinga:

- Kva tenkjer foreldre/føresette med minoritetsbakgrunn om samarbeidet med barnehagen?

Her kan det vere naudsynt å merke seg at eg medviten nyttar omgrepet *foreldre/føresette med minoritetsbakgrunn*. Minoritetsbakgrunn handlar om meir enn språk, det handlar om ulike subjektive røynder.

Problemstillinga har gitt retning for å greie ut om bakgrunn for oppgåva, korleis eg sjølv stiller meg til det einskilde menneske som kulturell aktør i eige liv, metodeval, empiri samt drøftinga av empirien.

1.2 Oppbygging av oppgåva

Innleiingsvis har eg forsøkt å plassere denne oppgåva inn i ein kontekst som synest interessant for meg som yrkesutøvar i barnehage og kva ein er forplikta til, i tråd med Rammeplan for barnehagen. Eg har presentert problemstillinga som har vore styrande for prosessen. Vidare vil kapittel to også ta for seg lovverket rundt samarbeidet barnehage – heim, eg seier litt om kunsten å vere ressursorientert, kvar eg stiller meg i høve kulturomgrepet samt ei utgreiing av fire omgrep eg har plassert inn i denne oppgåva. Teoribakgrunnen for oppgåva har eg gitt relativ stor plass. Dette opplever eg som naudsynt for å utfordre den diskursen eg sjølv er ein del av. Omgrepa som eg plasserer som høgst aktuelle innanfor det same segmentet er *struktur*, *tillit*, *haldningar* og *anerkjening*. I kapittel tre beskriv eg metodevalet for korleis eg har gått fram for å finne empiri til oppgåva. Kapittel fire omhandlar empirien, dei faktiske funna. I kapittel fem vert funna drøfta på bakgrunn av dei fire omgrepa eg dreg med meg frå teorien og empirien. Avslutning og konklusjon finn ein i kapittel seks.

2. Teoretisk bakgrunn for oppgåva

2.1 Samarbeid

Dei formelle tilhøva for samarbeidet barnehage – heim er formulert i Barnehagelova § 1, samt i rammeplanen. Barnehagens samfunnsmandat er: «i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.» (2018, 2017) Her vert samarbeidet mellom barnehage og heim tillagt stor verdi. Vidare er dette samarbeidet sett inn i ei formell ramme som omhandlar, til dømes, foreldreråd og samarbeidsutval i lova. Rammeplanen sei vidare noko om korleis dei tilsette i barnehagane skal tenkje om mangfald: «Barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrkje og følgje opp barna ut frå dei kulturelle og individuelle føresetnadene.» (Utdanningsdirektoratet, 2017) Det synest krevjande, og tilnærma umogleg å skulle kunne gjennomføre dette utan å involvere dei næraste omsorgsgivarane borna har, som er foreldre/føresette. Vidare i denne oppgåva vert desse omtala som foreldre.

2.2 Å vere ressursorientert

Hauge (2009) argumenterer for at det går an ha ei *ressursorientert* tilnærming til kulturelt, så vel som til språkleg mangfald. Dette mangfaldet kan vere ein integrert del av barnehagen sin pedagogikk, innhald og organisering, om dei tilsette gir rom for det samt tar konsekvensen av dette mangfaldet i si utvikling av barnehagen. Innanfor ei slik tilnærming vert det å vere i eit fleirkulturelt miljø sett på som ein ressurs for alle born og vaksne, uansett bakgrunn.

Barnehagen tar konsekvensen av at born og foreldre har ulike forutsetningar, ynskjer og behov. (Andersen, Bleka og Gjervan, 2014, s. 67)

2.3 «Kunsten å vere interessert over tid»

Tittelen på dette delkapittelet er henta frå eit abstrakt skrive av Kirsti Tveitereid, der ho viser til sin eigen artikkel som omtalar ulike studiar gjort på minoritetsbarn, minoritetsforeldre og inkludering i barnehagen i skandinavisk forskning i åra 2012 til 2017. Kapitteloverskrifta siterer ein barnehagelærer som anbefaler alle barnehagar å vere nysgjerrige og setje av god tid til å verte kjend med familien til borna. (Læringsmiljøsenteret) Når ein går vidare inn i sjølve artikkelen som det her er vist til, bekreftar Tveitereid at skandinavisk barnehageforskning gjort på det generelle samarbeidet mellom barnehage – heim i desse åra, i stor grad er problemorientert, og gjerne har den fokus på born som krev ekstra ressursar, uavhengig av

kulturell bakgrunn (Paideia). Rapporten som Tveitereid visar til, vart utarbeidd i 2015 av Nasjonalt senter for læringsmiljø og atferdsforskning.

Det synest vere ei etablert forståing i barnehagesektoren at samarbeidet barnehage – heim samt foreldreinvolvering ikkje vert sett i lys av å inneha stort potensial for det einskilde born, med mindre det har eit negativt forteikn. For derimot å vise til forskning som er gjort basert på ei ressursorientering, viser Tveitereid til ein kvalitativ studie gjort av Lauritsen i 2014, der datainnsamlinga vart gjort over ein periode på to veker i to ulike barnehagar. Studien omhandlar barnehagen sitt samarbeid med foreldre med minoritetsbakgrunn. Her fann dei at den daglege kontakten mellom foreldre og tilsette *over tid* gir dei moglegheita til å verte kjende. Usikkerheit i desse møta, vart bytta ut med ei *normalisering*. Dei trekk fram at ein treng tid for å lære seg å forstå. Korleis skapar vi i barnehagane denne tida, og korleis forvaltar vi den?

2.4 Kulturomgrepet

Denne oppgåva vart til på bakgrunn av gode møter med born og foreldre som er ulike frå meg. Mellom oss finst mykje ulik bakgrunn, som på ulike vis former korleis vi er i møte med kvarandre. Men kva betydning kan kulturell bakgrunn ha for den einskilde i møte med andre? For å verte medviten eigen ståstad, har eg sett til kulturomgrepet, og korleis ein kan tenkje ulikt om det.

2.4.1 Eit essensialistisk kulturomgrep

Om ein vel eit *beskrivande kulturomgrep* er det fleire som trekker fram Klausen sin definisjon for korleis vi kan forstå kultur: «(...) de ideer, verdier, regler, normer, koder og symboler som et menneske overtar frå den foregående generasjon, og som man forsøker å bringe videre – oftest noe forandret – til den neste generasjon» (Dahl, 2013, s 35). Hylland Eriksen, nyttar ein definisjon som kan minne om den førre: (...) de tanker, kunnskaper og ferdigheter mennesker har tilegnet seg som medlemmer av et samfunn (Eriksen og Sajjad, 2015, s. 40). Den første vektlegg kultur som noko ein *har* som kan gis vidare og den andre vektlegg at dette er noko ein *har fått* av nokon. Dette forutset at kultur kan beskrivast, at det er eit eksplisitt trekk ved individet, samstundes plasserer det individet som passiv mottakar av kultur. Her vert kultur ein essens ved individet. Det kan gjerne vere naudsynt å ta vare på desse definisjonane, både i ein historisk og ein samfunnsvitskapleg kontekst, men er det slik, at det einskilde individ ikkje kan verte forstått som ein aktiv aktør eller agent i skapinga av kultur?


2.4.2 «Kulturer kommuniserer ikke, det er mennesker som kommuniserer»

Dette skriv Øyvind Dahl (2013). I dette utsegnet beveger ein seg vekk frå beskrivande og gjerne essensialistiske vis å tenkje rundt kultur på. Samstundes ligg her ein moglegheit til å tenkje om kommunikasjonen mellom kulturar, *interkulturell kommunikasjon*, som lite determinerte, som noko som skapast mellom dei som deltek i sjølve kommunikasjonen der og da. Dahl legg her ei *dynamisk kulturforståing* til grunn for si tenking. Dahl beskriv denne måten å tenke om kultur på, at kulturen skapast mellom menneske når dei kommuniserer med kvarandre, og at interkulturell kommunikasjon kan sjåast som den handlinga der aktørane gjer uttrykk for sine kunnskar, meiningar og verdiar i samspelet med den andre. Kultur vert noko vi *gjer* meir enn noko vi *har*. Når Dahl legg til grunn det dynamiske kulturomgrepet for forståing av samhandling, kan det bety:

- at kultur skapast, intersubjektivt, mellom menneske i samhandling
- at kultur ikkje gjer alle like
- at kjønn, alder, utdanning og sjølve situasjonen kan ha større innverknad enn kultur

Dette kan ein ytterlegare illustrere ved hjelp av Dahl sin prosessmodell for interkulturell kommunikasjon, kalla *kulturfiltermodellen*. Modellen bygger på ei dynamisk kulturforståing.

Modellen tar høgde for nokre element som synest viktige å sei noko om i samarbeidet barnehage – heim, som kan plassere aktørane inn i ein type «forhandlingssituasjon», der element som innbyrdes relasjonar, makt og kontekst spelar inn på kommunikasjonen. Avsendar og mottakar er og illustrert som eit kvadrat og eit triangel for å illustrere naturleg ulikskap. Samstundes er desse formene illustrert med stipla liner, dei viser til at kulturfiltera våre endrar seg, at dei ikkje er statiske og uforanderlege, og at både mottakar og avsendar har denne tilsynelatande moglegheita til endring og utvikling. *Figur 1*



(Dahl, 2013)

2.4.3 «A work -in -progress concept of culture»

Om ein tar denne dynamiske måten å tenkje om kultur på, så vil eg plassere mitt møte med foreldre med minoritetsbakgrunn, så vel som med alle foreldre, inn i den kulturen vi vil at skal setjast i sving når vi er i barnehagen, den kulturen vi vil *gjere* der.

Chang (2008) belyser og det ho meiner er mangelfullt ved dei tidlegare måtane å tenkje om kultur på. Ho legg til grunn sju premiss for korleis ho har bygd opp boka si *Autoethnography as method*. Desse premissane er og grunnlaget for Changs generelle konsept for korleis vi kan forstå kultur. Eg gjengir desse premissane på nynorsk:

1. Individua er kulturelle agentar, men kultur handlar ikkje om individualitet.
2. Individua er ikkje fangar av sin eigen kultur.
3. På trass av mangfald innanfor den kulturelle gruppa, treng ein eit visst nivå av deling, felles forståing, og/eller gjentakande samhandling for å binde medlemmane ilag i gruppa.
4. Individua kan verte medlemmer av ulike sosiale system samstundes.
5. Dei ulike kulturelle medlemsskapa det einskilde medlem har, vektleggast ulikt i ulike kontekster.
6. Individua kan forkaste medlemskapet sitt frå ei kulturell gruppe, utan å gi slepp på sine kulturelle trekk.
7. Ikkje-medlemmer av gruppa kan kjenne kulturell tilslutning til den, ved å tileigne seg kulturelle trekk, dette kan gje individ innpass, og uoffisielt «medlemskap» i den kulturelle gruppa.

Desse premissane for korleis vi kan tenkje om kultur er interessante i denne oppgåva like mykje fordi ulike omgrep av kva kultur er vil ha stor innverknad på korleis vi gjer studiar. Chang sei allereie innleiingsvis at kva retning ein kjenner seg heime i, vil forme kva spørsmål vi stiller, kva forskingsdata vi nyttar, korleis vi analyserer og tolkar data samt korleis vi skriv funna våre fram. Så gjeld dette i aller høgste grad for meg og, eg plasserer meg inn i desse ideane, og dei fargar korleis eg har valt å gjere denne oppgåva.

2.5 Teoretiske omgrep som bakgrunn for empiri og drøfting

Eg har valt å plassere funna i undersøkinga mi inn under fire ulike omgrep som eg kortfatta vil gjere greie for i denne delen av teorikapitlet. Omgrepa er valt på bakgrunn av at eg sjølv

kan identifisere meg med eit ressursorientert syn på foreldresamarbeid med foreldre med minoritetsbakgrunn, og tenkjer at desse omgrepa kan vere viktig å vere seg bevisst innanfor denne tenkinga. Som tidlegare nemnd, tyder forskning gjort på området dei seinare åra at dette synet er underrepresentert. Omgrepa er *struktur, tillit, anerkjening og haldningar*. Andersen, Bleka og Gjervan omtalar også desse omgrepa på ulike vis i boka *Se mangfold!* (2014) For å skape gangbare omgrep aktuelle for denne oppgåva, nemner eg kort korleis andre har tenkt om dei og nytta desse før meg ved ulike høve, og også i konteksten samarbeidet barnehage – heim. Hensikten er å undersøkje kva desse omgrepa kan bety i møtet mellom dei ulike samarbeidspartnarane.

2.5.1 Struktur

Struktur er ein komponent ved ein organisasjon, og deltakarane i organisasjonen handlar utifrå det ein kallar normativ struktur, det vil seie verdiar, normer og rolleforventingar. Desse kan vere formalisert i varierende grad. (Børhaug, Helgøy, Homme, Lotsberg og Ludvigsen. 2011) Sjølv om nokre områder innanfor foreldresamarbeid i barnehagen er formalisert gjennom lovverket, finst det mykje som ikkje er definert for dei tilsette i barnehagane. Dette gir den einskilde barnehage *ansvar* for, samt *moglegheit* til å definere mykje av strukturen for dette sjølv. Strukturen for verksemda beveger seg både innanfor formelle og uformelle møte. I møte med born og foreldre med minoritetsbakgrunn hevdar Aamodt (2013, s. 57) at skular må legge til rette for reell kommunikasjon med desse, gjennom at det vert nytta eit språk dei meistarar. Her må det ligge ei forståing til grunn for at foreldre er ulike, og har ulike behov for informasjon. Det finst liten grunn til å tru at dette ikkje skulle gjelde barnehagen og.

Drugli er ei som trekker frem dei tilsette si rolle for å sikre mange positive kontaktpunkt partane imellom, for å bygge eit godt samarbeid mellom barnehagen og heimen. (Glaser 2013, s. 120) Formelle og uformelle møte femner om eit stort område, men akkurat i denne oppgåva har eg, innanfor det strukturelle tilhøvet, fokus på informasjon gitt ifrå barnehagen og bruken av konkretiseringsmateriell som understøtte for informasjonsutveksling, samt i kor stor grad informantane opplever at barnehagen legg til rette for kontaktpunkt.

2.5.2 Tillit

For å kunne definere *tillit* har eg sett til NAOB. Tillit kan definerast slik; «tro på, forvissning om at noen er til å stole på eller har de egenskapene som kreves for å mestre en bestemt situasjon, utføre en bestemt oppgave». Eg tenkjer denne definisjonen kan vere hensiktsmessig å nytte. Samstundes vektlegg lova for barnehagar også det *gjensidige* forholdet mellom

samarbeidspartane til born sitt beste, der samarbeid og forståing mellom barnehage – heim er framheva som så viktig for verksemda. Ei fordring, som på alle vis er min påstand, er at eit godt samarbeid ikkje berre handlar om tillit ifrå foreldra om at barnehagetilsette har den kompetansen som trengs for å vere gode for deira born, det krev og at foreldre vert møtt med same haldning. Mellom anna Glaser, legg vekt på gjensidig tillit og kontakt mellom partane for å sikre kontinuitet og heilskap for barnet i møtet mellom to viktige omsorgsarenaer (2013).

Så tenkjer ein også gjerne ulikt om tillit er noko ein *får* eller noko ein automatisk *har*. Tillit vert av nokon beskrive som noko som må byggast partane imellom (Andersen, Bleka og Gjervan 2014, s. 115), mens andre tenkjer annleis om det. Den danske teologen og filosofen Løgstrup er ei stemme som tala for at tillit er noko grunnleggjande i møtet mellom menneske, og meinte at om det ikkje finnes særskild grunn til å tvile på nokon, møter vi andre med tillit. Han la vekt på tillit som utgangspunkt for sin tenking rundt etikk:

Den enkelte har aldrig med et annet menneske at gøre uden at han holder noget af dets liv i sin hånd. Det kan være meget lidt, en forbigående stemning, en oplagthed, man får til at visne, eller som man vækker, en lede man uddyber eller hæver. Men det kan også være forfærdende meget, så det simpelthen står til den enkelte, om den andes liv lykkes eller ej. (Dahl, 2013, s. 290)

Dette er eit mykje nytta sitat, men eg tenkjer det gjer den einskilde ansvarleg i møte med andre menneske, og eg meiner det beskriv på ein god måte kor flyktig tillit kan vere. I denne oppgåva vil funn som eg plasserer inn under omgrepet tillit, handle om mine informantar opplever at det er lett å prate med dei tilsette, korleis dei tenkjer om det å spørje dei tilsette i barnehagane om det er noko dei lurar på. Her vel eg og å plassere eit spørsmål om i kva grad dei opplever å få informasjon om akkurat sitt barn frå dei tilsette uoppmoda, noko som kanskje kan sei noko om gjensidigheit og kontakt mellom samarbeidspartane.

2.5.3 Haldningar

For å forsøke å forstå ordet *haldning* i si enklaste form, kan ein nytte ein slik definisjon: «måte å stille seg på, opptre på ved en bestemt anledning, i en bestemt sak eller innstilling.» Med Tholin (2015, s. 57-59) dreg eg oss vidare inn i barnehagekonteksten, der ho og gir oss nokre synonym på ordet haldning; syn, meining, tankesett og innstilling. Så er det slik at haldningar har ei praktisk side ved seg, ei *uttrykksside*, og haldningane vil alltid farge praksisen vår. I samhandling med andre kjem denne praksisen til syne. Kva haldningar vil vi at skal komme til uttrykk i møtet mellom barnehagen og foreldra? For å vise til nokon som går ganske langt i å formulere eit *kollektivt* ansvar i tilsettgruppa, kan vi igjen sjå til Andersen,

Bleka og Gjervan, der ei intern bevisstheit rundt kva haldningar og verdiar som rår i gruppa vert framheva som ønskjeleg, samt kunnskap om korleis desse vil farge alle møte mellom samarbeidspartnarane. (s. 93)

Tidlegare i denne oppgåva har eg vist til Dahl sin kulturfiltermodell, der eit av aspekta som har fått plass handlar om *innbyrdes relasjonar*. Eg meiner dette aspektet fortener plass i kunnskapen om møtet mellom barnehage – heim, og vil vise til eit sitat av Holthe (2000), nytta av Tholin (s. 101): «Å vise vilje til å tone ned eget kunnskapsmonopol, egen makt og posisjon, og til å erkjenne at ens egen subjektive virkelighetsoppfatning representerer en blant mange, er noe av det vanskeligste og samtidig viktigste i et samarbeidsforhold.» I presentasjonen av funna vil omgrepet haldningar verte knytt opp til om informantane har opplevd å verta invitert inn i barnehagen for å vise noko av sin eigen kulturelle bakgrunn og om dei ville sagt ja viss dei vart spurt, noko som gjerne kan sei noko om uttrykkssida av dei tilsette sine haldningar. Vil vi invitere foreldre med minoritetsbakgrunn inn i barnehagen, og la dei vise litt av det som har forma deira subjektive røynd?

2.5.4 Anerkjening

Sjøelve substantivet *anerkjening* vert definert slik: «det å akseptere, godkjenne som legitim, lovlig eller eksisterende». Så kan anerkjening gjerne vere ei av haldningane si uttrykkside. Berit Bae trekker dette omgrepet inn i barnehagekontekst der ho beskriv ei rolle i tilsette sine møte med born, som «innebærer at den andre ser deg som atskilt med rettigheter over egne opplevelser, som en person som er forståelig og aktverdig. Den andre er autoritet i forhold til sin opplevelse» (Tholin, 2013, s. 100) Eg vel å aktualisera dette i dei tilsette sitt møte med foreldra. Så problematiserast dette ofte naturlegvis, og gjerne heilt naudsynt, for anerkjening kan ein forstå på ulike vis. Men har vi auge og øyrer for foreldre sine egne opplevingar, gjer vi dei autoritet i sine egne liv og veit vi i det heile kva dei tenkjer er viktig? Ei mogleg tilnærming kan ein finne hos Andersen, Bleka og Gjervan (2014, s. 143) der dei spør kven sin kompetanse som vert gjort gyldig i barnehagen og viser til at tilsette i barnehagen ikkje etterspør born med minoritetsbakgrunn sine ressursar i like stor grad som dei gjer med born med majoritetsbakgrunn. Her dreg eg igjen ein parallell til barnehagen sitt møte med foreldra deira. Andersen, Bleka og Gjervan oppmodar og tilsette til å møte foreldre med anerkjennande framferd som kan gi foreldre tiltru til eige foreldreskap (s. 96)

Akkurat i denne oppgåva vil eg knytte dette omgrepet opp mot at alle foreldre er viktige for sine born, og gjerne sit med tankar og meiningar om kva som er viktig for ein god barndom

samt kva som er viktig for barnet når det er i barnehagen. Eg har og valt å ta med eit spørsmål om fleirspråklegheit her, noko eg koplar opp mot å vere ressursorientert versus problemorientert i tilsettgruppa, å tenkje om barn med fleirspråkleg bakgrunn at dei sit med ressursar vi kanskje ikkje veit om.

3. Metode for datainnsamling

I dette kapittelet gjer eg greie for korleis eg gjekk fram for å samle inn forskingsdata som seinare skulle analyserast. Eg opplevde ein enorm tillit og velvilje frå informantar og andre som la til rette for at eg skulle lukkast med oppgåva mi. Eg veit ikkje om dette kapittelet heilt kan yte rettferda de fortener, men eg skal forsøke. For å sikre anonymitet for informantane har eg fjerna alle opplysningar som kan gjere at dei verte gjenkjent. På ei side gjer dette at eg ikkje heilt fullt ut kan gi kontaktar og informantar den æra dei skulle hatt, men det er heilt naudsynt for å halde seg innanfor premissane for forskingsprosjektet. På bakgrunn av at mi oppgåve fokuserer på noko eg tenkjer er mangelfullt i barnehagane i dag, var eg ikkje i tvil om at eg måtte ha auka fokus på metoden for datainnsamlinga. Om min påstand er at vi i barnehagane i dag ikkje verker interesserte i å få tak i foreldre med minoritetsbakgrunn sine eigne tankar rundt samarbeidet barnehage - heim, så måtte i alle fall min prosess ta tak i dette, og eg kjente på behovet for å ta ei medviten rolle. Problemstillinga vart styrande for metodevalet; Korleis *tenkjer* foreldre med minoritetsbakgrunn om samarbeidet med barnehagen?

3.1 Å fange tankar men ikkje løysingar

Når ein arbeider med foreldresamarbeid i barnehagen taler mykje for at dette ikkje har universelle løysingar, da foreldregruppa vil variere frå år til år. Tidlegare har eg vist til barnehagelova og rammeplanen for barnehagane for å vise til at strukturen rundt samarbeidet barnehage – heim ved nokre høve er formalisert, andre gonger ikkje, og at dette gir den einskilde barnehage ansvar for og moglegheit til å definere mykje av denne strukturen sjølve. Informantar vil ved alle høve representere si subjektive røynd, basert på akkurat deira eiga erfaring i ein eller fleire barnehagar, så korleis fange deira tankar kring temaet? Informantane vil tenkje utifrå *kontekst*, og denne konteksten er eg ute etter å få auger og øyrer opp for. Desse kontekstuelle tankane kan kanskje danne grunnlag for refleksjon hjå andre, men eg kan ikkje presentere noko løysing, eg kan berre legge til rette for at desse tankane vert via plass.

3.2 Kvalitative studiar som vitskapeleg metode

Eg såg tidleg til faglitteraturen for å finne ein metode som kunne få auge på desse tankane. Ved å gjere kvalitative intervju kan ein gjerne få tilgang til tankar og perspektiv som kvantitative metodar moglegvis ikkje vil belyse på same vis. «Det kvalitative forskningsintervjuet søker å forstå verden sett frå intervjupersonenes side (...) I forskningsintervjuer snakker vi med folk fordi vi vil vite hvordan de beskriver opplevelsene sine eller artikulere handlingsvalgene sine.» (Brinkmann og Kvale, 2017, s. 20) Samstundes kan styrken med å fange informantar sine tankar, også vere denne oppgåva sin potensielt største svakheit. Kanskje vil ikkje desse tankane opplevast som relevante nok for lesaren. Tankar er subjektive, og kor stor tyngde og plass skal dei få. Men om ein no har bestemt seg for kva ein vil belyse, korleis kan ein best gjere akkurat det?

3.3 Korleis justere vitskapeleg metode til å passe prosjektet

Innanfor kvalitative forskningsintervju finst det ulike metodar, og ei mogleg løysing eg såg til, var fokusgruppeintervjuet.:

En fokusgruppe består som regel av seks til ti personer og ledes av en moderator. Den kjennetegnes av en ikke-styrende intervjustil, der det først og fremst er viktig å få frem mange forskjellige synspunkt om emnet som er i fokus for gruppen (...) Fokusgruppen har ikke til formål å komme til enighet om eller presentere løsninger på de spørsmålene som diskuteres, men å få frem forskjellige synspunkter på saken. (Brinkman og Kvale, s. 179)

Eg ville nytte denne metoden, med meg sjølv som moderator i gruppa. Gruppemoderatoren si rolle vert beskrive slik: «Gruppemoderatoren presenterer emnene som skal diskuteres, og legger til rette for ordveksling. Moderatoren har som oppgåve å skape en velvillig og åpen atmosfære, der man kan uttrykke personlige og motstridende synspunkter på emnene som er i fokus.» (s. 179) Etter oppmoding frå veileder justerte eg ned det ynskjelege talet på informantar, til gjerne tre eller fire. Dalland (2017, s.76) kan bygge under denne oppmodinga da han viser til at det kvalitative intervjuet er laga for å gå djupare og at talet på informantar derfor ikkje bør vere så stort, og presiserer vidare at gode samtalar med ein, to eller tre personar kan gi mykje stoff til ei oppgåve. Samstundes var eg klar på at eg ville intervju desse ilag, i gruppe.

Å justere talet på informantar i gruppa og framleis kalle det eit gruppeintervju verka omstridt, når eg gjekk vidare inn i det. Det vert argumentert for at ein ikkje berre kan gi metoden eit

anna namn, sånn utan vidare, ein tenkjer at dette vil ha fleire konsekvensar enn berre eit namneskifte (Boddy, 2005) Men ei presisering er naudsynt, så når eg omtalar metoden vidare i denne oppgåva, vil den verte kalla *gruppesamtalen* eller berre *samtalen*.

3.4 Å finne informantar

Eg ville forsøke å finne informantar innanfor eigne kommunegrense, i ein kommune eg har budd og arbeidd i over ein lengre periode. Dette er ein vestlandskommune med om lag 8000 innbyggjarar. Eg er engasjert i ulike møte mellom folk i mitt eige nærmiljø, eg har arbeidd i barnehagesektoren lenge. Korleis skulle dette gå føre seg på eit vis som kunne ivareta eventuelle informantar på best måte? Dalland skriv om kontakt med «feltet», altså det miljøet som skal undersøkjast. (2017, s.76) Korleis kontakten med dette feltet vert etablert samt kva informasjon ein vel å gi på førehand, vil bety mykje for korleis ein vert møtt. Gjennom eit ganske nytt kontaktnett innanfor feltet, fekk eg rekruttert ein såkalla «gatekeeper». Eg nytta ho som; «den som bestemmer hva slags informasjon som skal slippe fram til ønsket mottaker». (Store norske leksikon) For å navigere ope og ærleg gjennom prosessen var dette heilt naudsynt, eg såg det som avgjerande å ha nokre ledd mellom meg og eventuelle informantar for å sikre dei mange etiske omsyna ein skal ha, og at informantane skulle behandlast på ein god måte. Eg sette kravet om at eventuelle informantar måtte ha eigne born i barnehage no, eller ha hatt det nyleg, og at dei har minoritetsbakgrunn. Eg og gatekeeper hadde jamn kontakt samstundes som prosjektet låg inne til godkjenning hjå NSD (Norsk senter for forskningsdata). Gjennom enda fleire ledd i gatekeeper sitt nettverk, fekk eg oppretta det første møtet med tre informantar som alle sa ja til å vere med. Det var på førehand avtalt at eg skulle få ein time til rådighet med eventuelle informantar. Det å møte dei direkte og få informere om prosjektet var nok avgjerande. Allereie ved første møte hadde eg med infoskriv/samtykkeskjema (sjå vedlegg), samt diktafon for å vise korleis samtalen ville verte gjennomført. Eg fekk skriftleg samtykke frå alle tre informantane under dette møtet.

3.5 Sjølve gruppesamtalen

Gruppesamtalen vart gjennomført ved eit seinare høve. Eg fekk låne eit skjerma rom, og fekk kontakt med informantane. Eg opplyste om praktiske høve rundt gjennomføringa av samtalen og oppmoda dei til å forsøke å prate høgt og tydeleg. Eg noterte nokre få stikkord om kvar informant, for å kunne gi dei eit type pseudonym i transkriberinga av samtalen, som kunne sikre dei full anonymitet. Eg viste deretter korleis gjennomføringa av intervjuet ville gå føre seg. Eg sette premissene for kva som skulle pratast om, eg hadde laga nokre spørsmål som

utgangspunkt for samtalen. Eg hadde laga fem ulike store ark, der overskrifta var understreka øvst, etterfølgt av eit eller fleire spørsmål. Eg valte å ha skriftstøtte på alle spørsmåla, da tidlegare erfaring med brukargruppa har vist at dette kan vere ein god måte å løyse utfordringar i kommunikasjon på, der ein kan hoppe frem og tilbake i formuleringar, dersom ein mister tråden. Spørsmåla formulerte eg på bokmål. Denne vurderinga vart og gjort av meg på førehand på bakgrunn av kjennskap til feltet. Overskrifta inn under dei ulike områda ber preg av å vere ein påstand, men eg valte å ta det med for å vise til kva utgangspunkt eg hadde til samtalen. Eit eksempel er: «Alle foreldre er viktige for sine barn, og kjenner de best», dette er overskrifta til spørsmåla behandla inn under omgrepet tillit.

Dei ulike områda har eg basert på eige arbeid med tilsette i barnehagar tidlegare, der eg har belyst deira tankar kring foreldresamarbeid med foreldre og føresette med minoritetsbakgrunn. Spørsmåla er ikkje direkte overførbare, men dei minner mykje om kvarandre og belyser mange av dei same områda innanfor samarbeidet barnehage - heim. Spørsmåla har eg valt å ta med i det neste kapitlet, empirikapitlet, da dei kan gi ein peikepinn på kva nivå vi la oss på.

Sjølve forma på samtalen kan passe inn under Brinkmann og Kvale sin definisjon på eit *semistrukturert livsverdsintervju*:

Det ligger nært opp til en samtale i dagliglivet, men har som profesjonelt intervju et formål. (...) Det er semistrukturert – det er verken en åpen samtale eller en lukket spørreskjemasamtale. Det utføres i overenstemmelse med en intervjuguide som sirkler inn bestemte temaer, og som kan inneholde forslag til spørsmål.

Intervjuet blir som regel transkribert, og den skrevne teksten og lydopptakene utgjør tilsammen materialet for den etterfølgende meningsanalysen. (2017, s. 46)

Gruppesamtalen varte i 33 minutter, den vart innspelt på ein diktafon, og eg transkriberte materialet i etterkant.

3.6 Eit kritisk blikk på gjennomføring av datainnsamlinga

Det vil, og skal for meg som student, alltid vere rom for å betre praksisen sin, så eg vil seie litt om ulike handlingsval og forsøke på å argumentere for kvifor det vart slik. Under sjølve gruppesamtalen tok eg ein styrande og deltakande rolle i samtalen. Så grunngir eg dette valet utifrå det norskspråklege kompetansenivået hjå informantane, samt at eg viser tilbake til moderator si oppgåve i samtalen. Alle tre informantane har fullført kompetansemåla for norsk

nivå A2. Norsk lovdata formulerer desse globale måla for nivået hjå den enkelte på dette nivået:

På dette nivået kan deltakeren forstå svært enkelt dagligspråk, og kan uttrykke seg enkelt om emner knyttet til egen person og familie, nære omgivelser og arbeid.

Deltakeren kan klare seg i enkle og rutinepregede samtalesituasjoner med direkte utveksling av informasjon om kjente forhold, hvis samtalepartneren snakker langsomt og tydelig, og er støttende. (Forskrift om læreplan i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere)

Å arbeide med informantar med minoritetsspråkleg bakgrunn vil i alle høve ha potensialet i seg til å vere ei mogleg feilkjelde, da vi manglar eit stødig felles språk. Dette vart og ganske tydeleg i samtalen der nokre spørsmål ikkje vart godt nok forstått, fordi vi kom inn på tema som eigentleg passa betre inn andre plassar. Ved nokre høve tok samtalen vendingar eg ikkje kunne vite om på førehand, og eg kunne ikkje alltid følge spørsmåla slavisk slik dei var notert. Samstundes kan eg i etterpåklokskap sei, at eg burde spurt meir, eg var ganske fokusert på dei noterte spørsmåla, der eg kanskje burde sleppe taket og berre spørje meir om det var noko dei kunne fortelje meir om. I kvardagslivet får eg tilbakemeldingar på at eg er ein god lyttar, men eg kan nok sjå at det å vere så medviten spørsmåla og kva eg måtte «gjennom» i løpet av samtalen, moglegvis vart styrande. Eg sat med kjensla av at intervjusituasjonen vart noko naturstridig.

I empirikapittelet vil eg også nemne nokre direkte sitat frå informantane. Det har eg gjort for å forsøke å understreke nokre poeng informantane hadde undervegs i samtalen. Så forstår eg dei slik dei er presentert i teksten.

3.7 Konteksten rundt samtalen

Eg vil seie nokre ord om konteksten rundt samtalen som eg og meiner fortener plass. Eg valte å gjere samtalen i gruppe, kanskje kan det vere noko å hente i det. Samtalen var full av latter, humor og tillit, informantane opna opp for motstridande meiningar og gav veldig mykje stoff til oppgåva. Informantane kunne hjelpe kvarandre der språket vart vanskeleg, og eg opplevde at dei støtta kvarandre da dei undervegs omsette for kvarandre ved hjelp av felles språk. To av mødrene fasta i den tida vi gjennomførte samtalen, og eg stilte med kjeks og sjokolade, dette kunne potensielt vore eit dårleg utgangspunkt for ein god dialog, men så vart det ikkje slik. Derimot opplevde eg at dei var litt prega av å faste, at blick og merksemd vandra ein del. Dette vil selvfølgelig påverke svara dei har gitt meg.

3.8 Godkjenning av prosjektet

Prosjektet er godkjend av NSD, Nasjonalt Senter for forskningsdata. Det er handsama og vurdert til å oppfylle krava i personvernlovgivinga.

4. Empiri

I denne delen av oppgåva vil eg presenterer dei empiriske funna. Sjølv gruppesamtalen var bygd opp på bakgrunn av fem ulike område innafor direkte samarbeid mellom barnehage - heim, med fokus på både formelle og uformelle høve. Funna vil derimot verte presentert under dei fire omgrepa som kort vart gjort greie for i førre kapittel, strukturelle tilhøve barnehage – heim, tillit, haldningar og anerkjenning. Kvart omgrep har her fått sitt eige delkapittel, der dei viktigaste funna vil verte omtala. Eg har forsøkt å gjere eit val på relevansen av funna basert på problemstillinga, korleis desse informantane sjølv tenkjer om samarbeid med barnehagen. Nokre sitat vil verte presentert. Informantane er her kalla K1, K2 og K3, noko som er kort for Kvinne 1, Kvinne 2 og Kvinne 3.

4.1 Strukturelle tilhøve for samarbeidet barnehage - heim

- Noen ganger får du skriftlig informasjon frå barnehagen, er den lett å forstå? –
Opplever du at noen i barnehagen vil hjelpe deg med dette, hvis du synes det er vanskelig?

Alle dei tre informantane sa at dei får skriftleg informasjon frå barnehagen berre på norsk, ikkje noko anna språk. Vidare fortalte dei at denne informasjonen vert gitt på nynorsk, noko dei uttrykker er vanskeleg fordi dei sjølv i introduksjonsprogrammet lærer bokmål, ikkje nynorsk. « Fordi det er nynorsk, også vi lærer her, det bokmål, det er litt forskjellig». K3 opplever at denne skilnaden er stor og sa, ikkje berre litt; men; «mye forskjellig». K3 svara så at nokre tilsette av og til kan hjelpe ho med å lese viss ho synest det vert vanskeleg, for ho var ærleg på at ho ikkje les så godt. Vidare oppgav ho at ho ofte fekk hjelp av mannen sin, som var betre på å lese enn ho sjølv. K2 seier at ho les ganske greitt, men at ho tyr til mannen sin for å få hjelp før ho seier at ho spør dei i barnehagen. Ho sa også at ikkje alle tilsette er like enkle å spørje om hjelp. Vidare svarar dei at dei har vore kreative med tanke på omsetjing der det var vanskeleg, til dømes vart google translate og det å nytte mobilen trekt frem om noko var krevjande.

- Noen barnehager lager tavler med bilder og klokke, eller andre ting slik at foreldrene, og barna, lettere skal forstå. Har noen laget noe slikt til deg eller ditt barn?

Her svarte K3 at barnehagen hadde laga ein perm til hennar gut, som hadde mykje bilete i seg, samt datoar og aktivitetar. Ho opplevde at dette gjer det lettare å forstå kva som skjer i barnehagen. K2 trekte frem at dei nyttar månads-/vekeplan som vert hengt opp på ei tavle i gongen, her er det bilde av ulike gjenstandar som sei noko om kva dei skal gjere den dagen, til dømes bamsar og dokker om det er leikedagar og liknande. Alle tre sa at dei var meir vande med at barnehagen heng opp bilete som borna sjølv har laga, og at dei tilsette er gode på å vise til desse. Når dei fekk spørsmål om dei trudde ulike konkretar ville gjere det lettare å forstå kva barnehagen dreiv på med, svarte dei alle ja.

- Har barnehagen gjort noe ekstra for deg og ditt barn, for at dere skal føle at dere er velkommen? Fortell om dette.

Her oppgav K3 at i hennar barnehage inviterte dei inn til språkkafé ganske kort tid etter oppstart, og ho hadde vore på eit slikt arrangement tre gonger i løpet av fjoråret. K2 trekte frem dei andre foreldrearrangementa dei har i løpet av året, det ho kallar spesielle dagar. Samstundes trekte ho frem sitt og borna sitt første møte med barnehagen; «Første gang de passe på og vise til barn». K1 viste forundring over dei aspekta som dei andre trekte frem, og lurte på om det dei sa stemte, særskild tilbodet om språkkafé.

4.2 Tillit

- Synes du det er lett å prate med de ansatte, og kjenner du at du kan spørre om det er noe du lurer på?

K3 svarte her at ho hadde stor tillit til at dei tilsette i barnehagen er gode vaksne for borna, men samstundes innrømte ho at ho er redd for dei, og at ho ikkje tør spørje om det er noko ho lurer på. K2 seier at ho er ivrig til å stille spørsmål, til og med om dei tilsette ikkje er så god til å gi daglegdags informasjon, så er ho ikkje redd for det. Ho kan spørje om spesifikke ting, samt meir om dagen som heilskap. Ho oppgav at ho gjer dette for å kunne følgje opp borna godt heime. Ho opplever det å spørje som heilt uproblematisk. K2 svarte at dette ikkje er noko ho treng tenke på i det heile, ho har full tillit til at ho får all informasjon ho treng, for dette var noko ho hadde opplevd over tid, og nemnde fleire spesifikke aktivitetar som barnehagen var gode til å informere om.

- Forteller de ansatte deg noe om hvordan ditt barn har det i barnehagen? Hjelper de deg å forstå hvis du synes dette blir vanskelig?

Alle tre trekte fram at dei fekk mykje informasjon om praktiske høve, som til dømes dagleg informasjon om søvn og måltid. Dei opplevde at tilsette i barnehagane var opptekne av å gje informasjon om akkurat deira barn. K1 nemnde særskild kor viktig ho synest dette var, at dei får den informasjonen dei treng. Ho opplevde at dei tilsette av og til viste fysiske gjenstandar, til dømes regnkjede når dette var naudsynt, for dette var ting ho ikkje var kjend med frå før.

4.3 Haldningar

- Har du blitt invitert inn i barnehagen, kanskje for å prate med barna, kanskje vise bilder, fortelle historier eller synge sanger? Fortell om dette.

Her svara alle tre informantane at dei deltok på alle arrangement i regi av barnehagen, og at de opplevde å bli invitert inn gjennom desse, gjerne via sms eller liknande. Også foreldremøte og utviklingssamtalar vert nemnde her. Noko utover dette var det vanskeleg å lage eit felles omgrepsapparat rundt, noko svara som er nemnd her gjerne gir eit bilete av, men vidare spurte eg om dette;

- Ville du synes det var fint å bli spurt om du ville vise noe frå ditt heimland?

Her svara dei alle tre ja. K1 prata om at dei ofte tar med tradisjonell mat frå sitt heimland når moglegheita er der, og at ho hadde synest det var fint visst nokon spurte. K3 opplevde at hennar gut fekk flagget frå deira heimland representert i barnehagen, samt flagget frå det landet dei budde i ein periode før dei kom til Norge. Under språkpraksis ved ein barneskule hadde ho blitt spurt om ho ville fortelje noko om sitt heimland til ein klasse, og det hadde ho gjort. Denne mora opplever seg sjølv som litt sjenert, og trekker frem at ho vil gjerne kjenne dei først før ho hiv seg utpå; «Vi liker det litt når vi kjenner litt». K1 svara at ho ville gjort det visst nokon spurte. «S: Ville du sagt ja? Og komme på besøk i barnehagen, og vise noe? K1: Ja, jeg vil det, men. S: Er det ingen som spør? K1: Mmm..»

4.4 Anerkjennning

- Hva tenker du er viktig for ditt barn?

K1 prata her om kor viktig ho synes det er at born får behova sine møtt, at dei vart «passa godt på». Ho synes det er viktig å syte for at dei har klede og at dei ikkje er redde. Ettersom samtalen utvikla seg på dette punktet, dreidde fokuset meir over på kva dei tenkte var viktig for sitt barn i barnehagen, og K3 trekte frem kor viktig god informasjonsflyt mellom barnehagen og heimen er. Ho opplever at tilsette i barnehagane er gode på grensesetjing, ho opplever at dei er fulle av forståing for born, men at dei treng å utveksle informasjon med

barnehagen om korleis nettopp deira born har det heime. «De veldig snill, men han kom tilbake hjem og vil leke, og hoi og springe og hjemme, og noen ganger jeg sa til han, du må stille, du må sitte og spise rolig, han vil ikkje» K2 oppgav det at barnehagen er ein viktig arena for hennar barn sin tospråklegheit, ho meiner det kan vere krevjande for born å vere tospråklege, og at barnehagen kan avhjelpe med det norskspråklege i deira høve.

- Ønsker du at ditt barn skal lære ditt språk, eller synes du det bare skal lære norsk?

Her svara alle tre at dei ynskjer at borna skal lære begge deler. K1 sin familie pratar fleire enn to språk, så dei blander litt i det daglege, sjølv pratar ho seks språk. Borna der pratar ofte norsk seg imellom heime. Ho vert også ofte korrigert på norsken sin av borna sine. K1 sin familie nyttar foreldra sitt førstespråk heime, men må av og til supplere med norsk, fordi borna der er fødd og oppvaksen i Norge, ho trekte og frem at ho synest det er opp til borna sjølve, kva dei ynskjer. K3 ynskjer at hennar born skal prate foreldra sitt førstespråk heime, og har uttrykt dette til borna sine, men sonen slår raskt over til norsk; « Han etterpå etter ti minutt, han begynte å snakke norsk». Alle tre er samde i at dei opplever at det kan vere vanskeleg å behalde eit anna språk enn norsk, fordi dei møter så lite av deira eige språk i barnehagen eller skulen. Dei nemner heilt spesifikt at det kan vere ein ressurs å møte andre born som pratar same språk, eller vaksne som gjer det, slik at dei får praktisert dette andre språket.

5. Drøfting

Eg vil starte drøftinga med å ta eit lite gjensyn med den opphavelge problemstillinga. Denne oppgåva har forsøkt å finne nokre svar på *kva tenkjer foreldre med minoritetsbakgrunn om samarbeidet med barnehagen?* Drøftinga vil verte gjort på bakgrunn av den same inndelinga som eg gjorde i teorikapittelet, der eg kort gjorde greie for fire ulike omgrep eg vurderer som hensiktsmessige å ha eit bevisst forhold til i samarbeidet barnehage – heim. Eg vil forsøke å vise til korleis desse informantane kanskje opplever at desse omgrepa vert sett i sving i møte med barnehagen. Drøftinga vil da følgje denne inndelinga *strukturelle tilhøve for samarbeidet barnehage – heim, tillit, haldningar og anerkjening*. Funna vil verte belyst gjennom dei tankane og teoriane som eg tok føre meg i teorikapittelet.

5.1 Strukturelle tilhøve for samarbeidet barnehage – heim

I informasjonsutvekslinga gjort mellom den einskilde barnehage og informant ser vi, at alle tre informantar svarar at den skriftlege informasjon vert gitt på nynorsk. Vidare gir dei uttrykk for at dette er vanskeleg da dei sjølve i introduksjonsprogrammet lærar seg bokmål. K3

opplever til dels å få hjelp frå dei tilsette i barnehagane til å lese informasjonen, men ikkje alle hjelper til med dette. Likt som K2 nyttar alle ved fleire høve, og gjerne helst, mannen sin som hjelp til å forstå. K2 opplever at ikkje alle tilsette i barnhagane er like lett å spørje om hjelp. Alle tre pratet litt om at dei ved fleire høve hadde vore kreative og løysningsorienterte med tanke på eigen tilnærming til ulike omsetjingsprogram, som til dømes google translate.

Her tenkjer eg at det er fleire punkt som bør adresserast. For det første kan funna tyde på at informantane opplever at dei barnehagane dei er knytt opp mot, jamfør Aamodt, ikkje legg godt nok til rette for reell kommunikasjon, gjennom at det ikkje vert nytta eit språk dei sjølv opplever å meistre i utvekslinga av skriftleg informasjon frå barnehagen. Vidare stiller eg spørsmålsteikn med eit punkt som i alle høve og kan flyttast til eit avsnitt om haldningar, men som og adresserast her; K2 og K3 nyttar heller andre enn dei tilsette i barnehagane til hjelp med å forstå, kan dette tyde på at informantane tenkjer at dei tilsette meiner dette er noko dei eine og aleine har ansvar for sjølve? Dei fortel at dei få hjelp av enkelte, men det høyrer kanskje tilfeldig ut kven dei får hjelp av, og kan desse svara tyde på at dei tilsette som gruppe har eit mindre bevisst forhold til korleis dei legg til rette for reell kommunikasjon?

Om vi beveger oss vidare til spørsmålet om i kva grad barnehagane nyttar konkretiseringsmateriell som understøtte for informasjonsutveksling, så kan svara tyde på varierende praksis. K3 har opplevd å få ein perm med bilete, datoar og døme på aktivitetar som barnehagen har laga til hennar gut, som sei noko om barnehagedagen sitt innhald. Ho opplever dette som nyttig for å forstå. K2 svara at ho nyttar sin barnehage sine månads-/vekeplanar der det finnes enkle bilete som representerer ulike aktivitetar, desse heng på ei tavle i barnehagen. Kanskje kan dette tyde på at barnehagane har nokre tankar om korleis dei kan legge til rette for kommunikasjon, og da særskild gjennom fysisk materiell. K3 opplever at det vert lagt til rette for at denne permen kan brukast, samstundes som K2 sin barnehage har hengt opp noko i barnehagen, som eg da forstår som tiltenkt heile foreldregruppa. Aamodt legg vekt på at alle foreldre er forskjellige og at informasjonen må tilpassast. Samstundes var alle tre informantane klare på at ulikt konkretiseringsmateriell ville gjere det lettare å forstå kva som skjer i barnehagen.

Vidare kan vi sjå på barnehagane sine initiativ til å skape positive kontaktpunkt samarbeidspartane imellom. Eg spurte dei om deira barnehage har gjort noko ekstra for at dei skal føle seg velkommen inn i barnehagen. Her opplever K3 at barnehagen aktivt går ut og

inviterer born og foreldre på språkkafé fleire gonger i året. K2 nemner dei generelle foreldrearrangementa dei er aktivt med på. Det som er særskild interessant i svaret frå K2, er at ho sjølv løfter fram deira første møte med barnehagen, der ho opplever å ha følt seg velkommen. Introduksjon av nye foreldre til barnehagen er og eit viktig og aktuelt kontaktpunkt, og svaret kan tyde på at dei opplever å ha vorte godt ivaretatt her. K1 uttrykte forundring over, særskild tilbodet K3 hadde om å delta på språkkafé. Her kan svara tyde på veldig ulik praksis. Det kan høyrast ut som fleire barnehagar har eit medviten forhold til ansvaret dei har for å skape positive kontaktpunkt for fysiske møte mellom barnehage – heim, samstundes som dei nyttar moglegheita til å kalle dette ulike ting og definere dei på ulike vis. Desse kontaktpunkta kan på ulike vis bidra til å lage ein struktur for samarbeidet mellom partane som vil skape store variasjonar mellom barnehagane.

5.2 Tillit

På spørsmål om informantane synest dei tilsette er lette å prate med, og om dei kjenner dei kan spørje om det er noko dei lurar på, så er svara nokså ulike. Først og fremst vil eg nemne K3, som svarar at ho har full tillit til at dei tilsette i barnehagane er gode vaksne for hennar gut, men at ho er redd dei, og ikkje tør spørje om det er noko ho lurar på. Dette er eit særst interessant funn, på ulike vis. På ei side kan det tyde på at K3 viser tillit til barnehagen, om ein tenkjer på definisjonen, der ho tenkjer at dei tilsette meistrar dei oppgåvene dei er sett til å gjere, samstundes kan svaret kanskje tyde på at det ikkje er eit gjensidig tillitsforhold mellom barnehage – mor. K2 nemner derimot, spesifikt, at om dei tilsette ikkje er gode til å utveksle informasjon, så kvir ho seg ikkje for å spørje. Så svara ho at grunnen til dette er for å skape, jamfør Glaser, kontinuitet og heilskap for barnet, der ho svarar at ho spør *fordi* ho ynskjer å fylgje opp borna godt på heimebane. Her kan kanskje svaret tyde på at denne mora ikkje har tillit til at ho får den informasjonen ho treng, men at ho har tatt ei bevisst rolle ovanfor dei tilsette, der ho så aktivt går dit og etterspør informasjon på eige initiativ. K1 derimot opplever å ha full tillit til at ho får all den informasjonen ho treng, for å kunne følgje godt opp, samstundes som ho svara at dette er *opplevd* over tid. K1 svarar at ho opplever at det er eit tilstrekkeleg godt tillitsforhold.

Alle tre svarar deretter på neste spørsmål at dei opplever å få mykje *praktisk* informasjon frå barnehagen, det vert i stor grad adressert kva borna treng for å vere i barnehagen. Til dømes vert K1 vist regnkilde fordi dette er noko ho ikkje har kjennskap til frå før. Her kan kanskje

svara tyde på at barnehagane er gode på å forklare kva som skal til for at det praktiske i barnehagen skal fungere godt, noko K1 også trekker frem at er viktig for ho.

5.3 Haldningar

På spørsmål om desse informantane hadde opplevd å verte inviterte inn i barnehagen for å vise noko frå sin eigen bakgrunn, var det vanskeleg å skape ei felles forståing rundt spørsmålet, der dei svarte at dei deltok på alle arrangement som dei vart inviterte til. Derimot skulle det vise seg at alle tre informantane gjerne ville ha kome i barnehagen og vise noko *om dei vart spurt*, noko tittelen på denne oppgåva viser til; «Er det ingen som spør?». Så svarar K3 at ho liker å kjenne seg trygg før ho hiv seg utpå. Samstundes trekte dei fram døme på kva dei kunne vise eller eventuelt bidra med, og nemnde opplevingar dei sjølve trekte fram som positive, noko som kanskje kan tyde på at dei er villige til å nytte sjansen om den først er der. Eg vil vise til sitatet av Holthe som eg nytta inn i teorien om haldningar, via aspektet innbyrdes relasjonar som vi finn i Dahl sin kulturmodell: «å erkjenne at ens egen subjektive virkelighetsoppfatning representerer en blant mange, er noe av det vanskeligste og samtidig viktigste i et samarbeidsforhold.» Kan vi forstå det slik at desse foreldra ynskjer å bidra til at deira subjektive røynd vert via plass i deira samarbeid med barnehagen?

5.4 Anerkjening

På spørsmålet om kva dei tre informantane tenkjer er viktig for deira born, varierer svara litt. På eit meir generelt grunnlag svarar K1 at ho tenkjer det viktigaste for hennar born er at dei får behova sine møtt og at dei ikkje er redde. Samtalen vart raskt plassert av informantane sjølv innanfor ein barnehagekontekst, naturleg nok. Her vektla K3 kor viktig god informasjonsflyt mellom dei to partane er, på same grunnlag som tidlegare nemnd, der ein ynskjer å skape heilskap og kontinuitet mellom dei to omsorgsarenaene. Her snakka ho om grensesetjing, noko ho opplever at dei i barnehagen er gode på, men at dei har litt utfordringar heime, noko som har gjort at denne mora meiner gjensidigheita er heilt avgjerande. Kanskje kan dette svaret tyde på at ho ikkje opplever det, for ho framhevar det heilt spesifikt. K2 nemner særskild det å vere tospråkleg, der ho tenkjer barnehagen kan vere ein viktig arena for borns fleirspråklegheit, at det er viktig at borna får hjelp til å lære norsk i barnehagen.

Da eg vidare spurte om kva dei tenkjer om det å vere fleirspråklege viste alle tre informantane noko eg tenkjer er eit ressursorientert syn på å lære fleire språk, for dei vil at borna skal lære seg godt norsk, samstundes svara dei alle at dei vil at deira born behalde deira felles språk. Dei viser litt ulik tilnærming, da til dømes K2 ynskjer at dette er noko borna skal finne ut av

sjølve, når dei ynskjer nytte dei ulike språka. K3 svarar at ho gir borna beskjed om at ho vil dei skal prate foreldra sitt førstespråk heime, noko som er deira felles språk. Samstundes svarar dei at det er vanskeleg for deira eigne born å snakke deira språk da dei fortel at det finst få arenaer der dei møter språket anna enn på heimebane. Desse svara kan kanskje tyde på at deira born si fleirspråklegheit møter smale tilhøve i barnehagane, og kanskje kan ein lure på i kva grad denne kompetansen vert etterspurt der. Alle tre informantane trekte spesifikt fram kor viktig det kan vere at borna møter andre born eller vaksne som snakkar deira felles språk, slik at dei treff dette på andre arenaer, noko som ein gjerne kan ta med seg som eit ynskje frå desse foreldra.

6. Konklusjon og avslutning

I denne oppgåva har eg spurt tre mødrer med minoritetsbakgrunn kva dei tenkjer om samarbeidet med barnehagen. Alle tre hadde eigne born i barnehage på tidspunktet. Innleiingsvis i oppgåva var det naudsynt for meg å vise til at det går an å vere ressursorientert i barnehagane, samt kor eg finn meg sjølv i ulike beskrivingar av kva kultur kan bety for det einskilde menneske i møtet med andre. Som yrkesutøvar i barnehage i Norge er eg også del av ein diskurs, der eg har forsøkt peike på at, mellom anna, forskning i Skandinavia innanfor samarbeid barnehage – heim i liten grad er ressursorientert, ein tendens vi kan sjå over fleire år.

Tankane frå informantane plasserte eg inn under fire ulike omgrep, som på ulike vis kan plasserast inn ei ressursorientering. Omgrepa struktur, tillit, haldningar og anerkjenning vart kortfatta definert i teoridelen. Eg peiker på at barnehagar har både ansvar for og moglegheit til å definere mykje av samarbeidet med alle foreldre sjølve, så er det her aktualisert i samarbeid med foreldre med minoritetsbakgrunn. Svara frå informantane kan på ulike vis vere eit bilete på at det finst store variasjonar mellom dei einskilde barnehagane.

Under strukturelle tilhøve for foreldresamarbeid med barnehagen kan svara frå alle tre informantar tyde på at barnehagane dei sjølve er tilknytt, ikkje legg godt nok til rette for ein reell dialog mellom barnehage – heim, da dei ikkje nyttar eit språk informantane beherskar i skriftleg informasjonsutveksling, samt at informantane opplever stort sprik i kven av dei tilsette som hjelper dei med å forstå. Informantane fortalte at dei sjølve var kreative med tanke på alternative vis for omsetjing, som til dømes ulike hjelpemidlar på telefonen. Dei barnehagane som legg til rette for bruk av konkretiseringsmateriell ser ut til å kanskje ha klart

å tydeleggjere kva borna gjer når dei er i barnehagen. Informantane har ulike opplevingar av korleis barnehagane legg til rette for positive kontaktpunkt, men dei svarar alle tre at dei nyttar aktivt dei tilboda som finst, og opplever dei som positive.

Ein informant viser grunnleggjande tillit til barnehagetilsette som yrkesutøvarar, som i kraft av å ha eit yrke er i stand til å utføre ei oppgåve, men ho svarar samstundes at ho er redd for dei. Ein annan informant tar saka i eigne hender, da ho bevisst etterspør informasjon om sitt barn for å sikre heilskap og kontinuitet mellom barnets viktigaste omsorgsarenaer, men svaret kan tyde på at ho ikkje har tillit til at dei tilsette kan gi ho det ho treng. Den tredje informanten opplever å få alt ho treng. Svara er særst ulike, og kan seie nok om at dei er ulike som personar med ulike ynskje og behov, samstundes peiker det gjerne på at i alle fall to av desse barnehagane har ein jobb å gjere.

Alle tre informantane opplever å få mykje praktisk informasjon frå barnehagen, barnehagetilsette viser og legg til rette for at borna deira skal delta i alt barnehagen gjer. Eg undrar derimot i kva grad dette er eit bilete på gjensidig tillitsforhold mellom partane. Alle tre informantar viser vilje til å vise andre born og vaksne noko frå sin eigen kulturelle bakgrunn, som kan vere bilete på deira eigen subjektive røynd, om dei vert spurt. Dei har alle ulike døme på korleis dei bidreg når moglegheita er der. Men som tittelen på denne oppgåva viser til: «Er det ingen som spør?», så lurar eg på i kva grad tilsette i barnehagane er medvitne dette. Desse svara kan og seie noko om strukturelle tilhøve, korleis barnehagane vel å leggje til rette for kontaktpunkt. Svara tyder på at det er barnehagane som definerer moglegheita til deltaking frå foreldre.

Som ei uttrykksside for haldningar i tilsettgruppa har eg forsøkt å behandle nokre svar inn under omgrepet anerkjenning. Ei mor trekker fram kor viktig det er å ha eit gjensidig forhold, for heilskap og kontinuitet barnehage – heim, ei anna uttrykker ynskje om at barnehagen skal vere ei støtte til at det kan vere krevjande å vere fleispråkleg. Alle tre ynskje at deira born skal fortsetje å vere fleispråklege, men opplever smale tilhøve for korleis å lukkast med det.

Denne oppgåva har forsøkt å gi plass til ulike røynder, noko alle har, dei er farga av kulturell bakgrunn, men subjektive røynder er ikkje statiske og determinerte. Tankane informantane har delt med meg, reiser fleire spørsmål enn svar. Her ligg det store moglegheiter for tilsette i

barnehagar å definere sjølve, men å vere seg lovverk og ansvar medvitne kan eg ikkje understreke nok. Slik kan barnehagane *gjere* kultur, slik vil ha det, i lag.

Litteratur:

- Andersen, C., E., Bleka, M., Gjervan, M. (2014): *Se mangfold. Perspektiver på flerkulturelt arbeid i barnehagen*. (Utgåve 2). Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Brinkmann, S., Kvale, S. (2017). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal akademisk
- Børhaug, K., Helgøy, I., Homme, Lotsberg, D. Ø., Ludvigsen, K. (2011). *Styring, organisering og ledelse i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget
- Chang, H. (2008). *Autoethnography as method*. California: Left Coast Press.
- Dahl, Ø. (2013). *Møter mellom mennesker. Innføring i interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. (Utgåve 6). Oslo: Gyldendal Akademisk
- Drugli, M., B. (2013). Den vanskelige foreldresamtalen. I Glaser. *Foreldresamarbeid. Barnehagen i et mangfoldig samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget
- Eriksen, T., H & Sajjad, T., A. (2015). *Kulturforskjeller i praksis. Perspektiver på det flerkulturelle Norge*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Glaser, V. (2013): *Foreldresamarbeid. Barnehagen i et mangfoldig samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget
- Tholin, K., R. (2013): *Omsorg i barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget
- Tholin, K., R. (2015): *Profesjonsetikk for barnehagelærere*. Bergen: Fagbokforlaget
- Rognsaa, Aa. (2015). *Bacheloroppgaven. Skriveråd og regler for utformingen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Aamodt, S. (2013): Likeverdig dialog og medbestemmelse – en forutsetning for samarbeid. I Hauge (Red.) *Snakk med oss. Samarbeid mellom foreldre, barnehage og skole i et flerkulturelt perspektiv*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Anna:

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Rammeplan for barnehagen*

Barnehageloven. (2018) LOV-2005-06-17-64 Henta frå

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

Læringsmiljøsenderet. (19.12.2018) Inkludering er noe annet enn integrering. Henta frå

<https://laringsmiljosenteret.uis.no/barnehage/mangfold-og-inkludering/siste-nytt-om->

[mangfold-og-inkludering/inkludering-er-noe-annet-enn-integrering-article130135-21314.html](https://www.mangfold-og-inkludering.no/inkludering-er-noe-annet-enn-integrering-article130135-21314.html)

Tveitereid, K. (2018). Inkludering i barnehagens fellesskap: Samarbeid mellom minoritetsfamilien og barnehagens personale. En systematisk litteraturgjennomgang 2012-2017. Henta frå https://laringsmiljosenteret.uis.no/getfile.php/13481506/Laringsmiljosenteret/Pdf/Barnehage/Kirsti-Tveitereid_nr16-2018-Paideia.pdf

Dahl, Ø. (2013). *Kulturfiltermodellen*. Bilete henta frå https://www.egede.no/sites/default/files/dokumenter/pdf/NTM_2014_2_Drange.pdf

Definisjon tillit: <https://www.naob.no/ordbok/tillit>

Definisjon haldning: <https://www.naob.no/ordbok/holdning>

Definisjon anerkjening: <https://www.naob.no/ordbok/anerkjennelse>

Boddy, C. (2005). A rose by any other name may smell just as sweet but «group discussion» is not another name for «focus group» nor should it be. Henta frå <https://pdfs.semanticscholar.org/17fd/2c5cb30d9290dd2074a5a64c0a7ce606c91b.pdf>

Definisjon norsk nivå A2. Henta frå <https://lovdata.no/forskrift/2012-04-19-358>

Definisjon ordet gatekeeper. Henta frå <https://snl.no/gatekeeper>

Vedlegg

Vedlegg 1

Vil du delta i forskningsprosjektet

«Har du spurt»?

- Minoritetsspråklige foreldre sine egne perspektiver på foreldresamarbeid med barnehagen

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å finne ut litt om hvordan foreldre som har et annet førstespråk enn norsk, opplever sitt samarbeid med barnehagene. I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltakelse vil innebære for deg.

Formål

Jeg ønsker å finne ut mer om hvordan foreldre føler at de blir tatt imot av de ansatte i barnehagen, der barna deres går. En del foreldre prater ikke norsk, men de aller fleste som jobber i barnehage er norske, og prater norsk. Mye informasjon blir kanskje gitt på norsk og delt ut til foreldre, er det lett å forstå? Får dere hjelp til å forstå det? Alle foreldre er viktige for sine barn, og kjenner de best. Opplever du å bli spurt om hva du tenker er viktig for ditt barn? Synes du det er lett å prate med de som jobber der, og kjenner du at du kan spørre om det er noe du lurer på? Fins det noen barnehager som har gjort noe ekstra for akkurat deg og ditt barn, for at dere skal føle dere sett og velkommen?

Temaet for oppgaven er «Hvordan opplever minoritetsspråklige foreldre at det blir lagt til rette for at de skal kunne medvirke i samarbeidet med barnehagen?» Å medvirke kan bety forskjellige ting, men både foreldre og barnehagen har ansvar for å sørge for at det er et godt samarbeid, som legger til grunn at barnet skal ha det best mulig.

Dette prosjektet er en bacheloroppgave, som er den avsluttende oppgaven på barnehagelærerstudiet.

Hvem er ansvarlig for forskningsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet, institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag er ansvarlig for prosjektet.

Hvorfor får du spørsmål om å delta?

Du har et annet førstespråk enn norsk. Kanskje har du bodd i Norge i mange år, eller kanskje har du nettopp flyttet hit? Du har egne barn i barnehage her i Norge, eller du har nylig hatt det? Du har noen tanker om hvordan ditt møte med barnehagen i Norge har vært.

Jeg har spurt noen, som vi kaller en «gatekeeper» om å gi dette brevet med informasjon til deg. Dette er noen som kjenner deg, og vet at du oppfyller kriteriene for å delta i prosjektet. Det er kjekt å kunne få hjelp av andre til å finne akkurat deg. Da kan informasjon sendes gjennom denne personen som kalles «gatekeeper», for å sikre at forskningsprosjektet blir gjort på en ordentlig måte.

Hva innebærer det for deg å delta?

- Hvis du velger å delta i prosjektet, så betyr det at du sier ja til å delta i en gruppesamtale/ gruppeintervju. Jeg vil forsøke å finne en plass og et tidspunkt som vil gjøre det lettest mulig for deg å delta i prosjektet. Jeg håper å få så mange med i prosjektet at jeg kan ha to gruppesamtaler, med 3-4 personer i hver gruppe. Hver gruppe vil bruke cirka 1,5 timer. Jeg vil prate litt om prosjektet først, slik at du vet hva det handler om, og kan kjenne at du er trygg i gruppa. Etterpå gjennomfører vi selve intervjuet, det vil vare opp til en time.
- Det vil bli gjort lydopptak av selve intervjuet/samtalen. Jeg deltar litt i samtalen, og jeg lager noen spørsmål eller tema dere skal prate om. Men det er dere i gruppa som skal prate sammen.
- På lydopptaket trenger jeg ingen navn, bosted eller lignende. Du vil være helt anonym også i den skriftlige oppgaven.
- Grunnen til at jeg vil gjøre lydopptak, er fordi det er lettere å kunne skrive ned etterpå akkurat hva vi har snakket om.
- Intervjuet/samtalen vil bli gjort på norsk, men husk at vi har god tid, og at jeg er der for å hjelpe til om noe blir vanskelig.
- Etter prosjektet er slutt vil dette lydopptaket bli slettet, og opptaket skal bare brukes til denne oppgaven.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle opplysninger om deg vil da bli anonymisert. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

Vi kommer ikke til å nevne navn hverken på de ulike barnehagene eller noen ansatte, dette skal være en fri og god samtale, der kanskje både kjekke ting vil bli snakket om, men der det også skal være rom for å fortelle om noe som har vært mindre bra. Dette vil ikke påvirke hvordan du blir mottatt i din barnehage. Jeg forsker på hva vi i alle barnehager kan gjøre for alle barn og foreldre, for å ha et best mulig samarbeid.

Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger

Vi vil bare bruke opplysningene om deg til formålene vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Det er jeg og eventuelt min veileder som vil ha tilgang til lydopptaket.
- Lydopptaket vil bli gjort med en diktafon, som ikke er tilknyttet noe annet, og som vil bli oppbevart hjemme hos meg til det blir slettet.
- Samtykkeskemaet med ditt navn på vil også bli oppbevart hjemme hos meg.

Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttes 31.mai, da skal bacheloroppgaven leveres inn.

Samtykkeskemaet og lydopptaket vil bli ødelagte og slettet innenfor det tidsrommet som Høgskulen på Vestlandet krever.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utlevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Hvor kan jeg finne ut mer?

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

Med vennlig hilsen

Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «Har du spurt?» - Minoritetsspråklige foreldre sine egne perspektiver på samarbeid med barnehagen, og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i et gruppeintervju/ gruppesamtale.

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet, ca.

31.05.2019

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

Vedlegg 2

Intervjuguide gruppeintervju/samtale bacheloroppgaven vår 2019

Tema for samtalen: Foreldresamarbeid med barnehagen

Jeg ønsker å finne ut mer om hvordan foreldre føler at de blir tatt imot av de ansatte i barnehagen, der barna deres går.

1. *En god del foreldre i barnehagene i Norge prater ikke norsk, men de aller fleste som jobber i barnehage er norske, og prater norsk.*
 - Mye skriftlig informasjon blir kanskje skrevet på norsk og delt ut til foreldre, er det lett å forstå? Opplever du at det fins noen i barnehagen som kan hjelpe deg med dette?
 - Ansatte i barnehagene vil kanskje fortelle noe om hvordan barnet ditt har hatt det i dag, eller de må kanskje gi deg en beskjed. Opplever du at de ansatte i barnehagen vil hjelpe deg å forstå det de prøver å fortelle, hvis du synes det er vanskelig? Fortell mer om dette!
2. *Alle foreldre er viktige for sine barn, og kjenner de best.*
 - Hva tenker du er viktig for ditt barn?
 - Synes du det er lett å prate med de ansatte som jobber i barnehagen, og kjenner du at du kan spørre om det er noe du lurer på?
 - Fins det noen barnehager som har gjort noe ekstra for akkurat deg og ditt barn, for at dere skal føle dere sett og velkommen? Fortell mer om dette!
3. *Noen barnehager lager ulike hjelpemidler som kan hjelpe barn og voksne som har et annet førstespråk enn norsk, til å forstå hva som skjer i barnehagen. Det kan være tavle med bilde, eller klokke, eller lignende.*
 - Har noen laget noe slikt til deg eller ditt barn? Tenker du at dette kunne hjelpe til at du forstår bedre? Fortell gjerne!
4. *Kanskje er ditt barn født og oppvokst i Norge, eller kanskje har barnet ditt bodd i et annet land før, og prater et annet språk.*

- Ønsker du at ditt barn skal lære og kunne bruke ditt språk, eller synes du det er viktigst at det helst lærer og bruker norsk.

- 5. *For de barna som går sammen med ditt barn i barnehagen, er det en mulighet for dem å kanskje lære noe om ditt barn sitt, eller ditt språk. Samtidig er det muligheter for at en kan lære noe om andre land, og hvordan barn har det der.*

- Har du opplevd å bli invitert inn i barnehagen, enten for å prate med barna, kanskje vise bilder, fortelle historier, synge sanger, eller skrive noe. Fortell!

- Ville du synes det var fint å bli spurt om du ville vise noe fra ditt hjemland?